



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Prop. 14 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og einskilde
andre lover (samleproposisjon)

Innhald

| | | | | | |
|----------|--|-----------|--|--|-----------|
| 1 | Hovudinnhaldet i proposisjonen | 5 | 7 | Endringar i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg | 12 |
| 2 | Oppheving av ordninga med ferietillegg til dagpengane – folketrygdlova § 4-14 og § 8-49 | 6 | 7.1 7.2 7.3 7.4 | Innleiing | 12 |
| 2.1 | Innleiing | 6 | | Gjeldande rett | 12 |
| 2.2 | Gjeldande rett | 6 | | Vurderingar og forslag | 12 |
| 2.3 | Vurderingar og forslag | 6 | | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 13 |
| 2.4 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 6 | | | |
| 3 | Omlegging til standardisert barnetillegg til mottakarar av uføretrygd – folketrygdlova §§ 12-14, 12-15 og 12-16 | 6 | 8 8.1 8.2 8.3 8.4 | Endringar i forskotteringslova | 13 |
| 3.1 | Innleiing | 6 | | Innleiing | 13 |
| 3.2 | Gjeldande reglar | 7 | | Gjeldande rett | 13 |
| 3.3 | Vurderingar og forslag | 7 | | Vurderingar og forslag | 13 |
| 3.4 | Iverksetjing. Overgangsreglar og økonomiske og administrative konsekvensar | 10 | | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 14 |
| 4 | Reduksjon av perioden med rett til overgangsstønad frå tre til eitt år – folketrygdlova § 15-6 | 10 | 9 9.1 9.2 9.3 9.4 | Unntak frå forvaltningsmessig teieplikt i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 16 | 14 |
| 4.1 | Innleiing | 10 | | Innleiing | 14 |
| 4.2 | Gjeldande reglar | 10 | | Gjeldande rett | 14 |
| 4.3 | Vurderingar og forslag | 10 | | Vurderingar og forslag | 14 |
| 4.4 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 10 | | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 14 |
| 5 | Endring i folketrygdlova § 22-8 første leddet | 11 | 10 11 11.1 11.2 11.3 11.4 | Retting av heimelstilvisningar i konkurslova og dekningslova .. | 15 |
| 5.1 | Innleiing | 11 | | Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget | 15 |
| 5.2 | Gjeldande reglar | 11 | | Merknader til endringane i folketrygdlova | 15 |
| 5.3 | Vurderingar og forslag | 11 | | Merknader til endringane i folketrygdlova, som vert endra ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringer i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre) | 15 |
| 5.4 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 11 | | Merknader til endringane i lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasningar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenestepensjon) del XVI | 16 |
| 6 | Oppheving av sanksjonsregelen ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte | 11 | | Merknader til endringane i lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg | 16 |
| 6.1 | Innleiing og gjeldande rett | 11 | | | |
| 6.2 | Vurderingar og forslag | 12 | | | |
| 6.3 | Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar | 12 | | | |

| | | | | | |
|------|--|----|---|--|----|
| 11.5 | Merknader til endringane i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott | 17 | 11.8 | Merknader til endringane i dekningslova § 9-3 | 17 |
| 11.6 | Merknader til endringa i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 16 ... | 17 | Forslag til lov om endringar i folketrygdlova og einskilde andre lover | | |
| 11.7 | Merknader til endringa i konkurslova § 67 | 17 | | | 18 |



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Prop. 14 L

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i folketrygdlova og einskilde andre lover (samleproposisjon)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 7. november 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Arbeids- og sosialdepartementet legg her fram forslag om endringar i følgjande lover:

- lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
 - lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringar i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre)
 - lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringar i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasningar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenestepensjon) del XVI
 - lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg
 - lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott
 - lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen
 - lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs
 - lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett
- Endring av barnetillegget i uføretrygda frå behovsprøvd til eit standardisert barnetillegg frå 1. januar 2016 – sjå kapittel 3.
 - Endring av perioden med rett til overgangsstønad vert etter hovudregelen redusert frå tre til eitt år eller fram til barnet får rett til barnehageplass etter barnehagelova § 12 a – sjå kapittel 4.
 - Endring i folketrygdlova § 22-8 slik at det kan gjerast frådrag for meirutbetalingar av tillegg etter folketrygdlova § 19-9 og § 19-14 femte ledd, når ein ektemake som det er gjeve forsørgingstillegg for, får etterbetalt ei eiga yting for den same perioden – sjå kapittel 5.
 - Oppheving av regelen i folketrygdlova § 25-5 a om sanksjonar ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte – sjå kapittel 6.
 - Avvikling av forsørgingstillegg for barn og ektemake under 67 år til mottakarar av supplerande stønad – sjå kapittel 7.
 - Endring i forskotteringslova for å reflektere endringar i andre lover – sjå kapittel 8.
 - Unntak frå forvaltningsmessig teieplikt i arbeids- og velferdsforvaltningslova – sjå kapittel 9.

Forslaga gjeld:

- Oppheving av ferietillegget i dagpengeordninga og tilsvarende ferietillegg til dei særskilde sjukepengane til dagpengemottakarar – sjå kapittel 2.

Lovendringane er naudsynte følgjer av forslag som er fremja i Prop. 1 S (2014–2015) Statsbudsjettet. I tillegg vert det foreslått einskilde lovtekniske justeringar, presiseringar og opprettingar i

folketrygdlova, forskotteringslova, i konkurslova og i dekningslova.

2 Oppheving av ordninga med ferietillegg til dagpengane – folketrygdlova § 4-14 og § 8-49

2.1 Innleiing

Departementet foreslår å oppheve ordninga med ferietillegg til dei som mottok dagpengar under arbeidsløyse eller som får sjukepengar på grunnlag av dagpengane.

2.2 Gjeldande rett

Etter folketrygdlova § 4-14 får dei som har mottatt dagpengar i åtte veker eller meir, utbetalt eit ferietillegg på 9,5 prosent av brutto utbetalte dagpengar. Tillegget vert utbetalt etter årsskiftet i året etter at dagpengane var utbetalt. Bakgrunnen for ordninga med ferietillegg, er at dagpengemottakarar ikkje kan ta ferie i ordinær forstand, utan at dagpengane fell bort. Ein skal melde frå til Arbeids- og velferdsetaten dersom ein i ei meldeperiode ikkje har vore disponibel for arbeidstilbod, t.d. fordi ein har hatt ferie eller på anna måte ikkje har vore reell arbeidssøklar.

Arbeidssøklarar som vert sjuke medan dei mottok dagpengar, kan få sjukepengar etter folketrygdloven § 8-49 første ledd. Sjukepengegrunnlaget vert fastsett lik dagpengane. Dei som mottok sjukepengar etter desse reglane, kan også få ferietillegg på 9,5 prosent, sjå § 8-49 fjerde ledd tredje punktum.

2.3 Vurderingar og forslag

I utgangspunktet var dagpengesystemet utforma slik at dei dagpengemottakarane som meldte frå at dei pga. ferie ikkje var tilgjengelege for arbeid, ville miste dagpengane i det aktuelle tidsrommet. Sidan dagpengemottakarane plikter å vere aktive arbeidssøklarar og disponible for arbeid, vart dagpengemottakarar på ferie ikkje vurdert som reelle arbeidssøklarar i den perioden han eller ho var på ferie. Av velferdspolitiske grunnar vart difor ferietillegget innført i ordninga i mai 1978, jf. Ot.prp. nr. 4 (1977–78). Tanken var at dagpengemottakarar burde kunne ta ferie frå den aktive arbeidssøklaraktiviteten utan å lide eit økonomisk tap.

Ferietillegget gjer at bruttokompensasjonen i dagpengeordninga stig frå om lag 62,4 til 68,3 pro-

sent for dei som får dagpengar i meir enn åtte veker. Korkje nivået eller inngangsvilkåret har særskilt arbeidsmarknadsfagleg grunngeving, og hadde det heller ikkje då ordninga vart innført.

Ferietillegget vert utbetalt i januar året etter utbetalinga av dei dagpengane som dannar grunnlaget for berekninga, og for dei fleste kjem utbetalinga etter at dei har fått nytt arbeid. Ordninga er difor ei lite målretta overføring til personar i arbeid. Ferietillegget inneber dessutan at kompensasjonsgraden er høgare for dei som er ledige lengre enn åtte veker. Dette kan gi ein uheldig insentiveffekt. Det er heller ikkje heldig at dei som tar ferie utan å opplyse om dette til Arbeids- og velferdsetaten, og difor ikkje får dagpengane redusert, kjem betre ut enn dei som melder frå om ferien og får dagpengane stoppa i ferietida.

Ferietillegget til dei særskilde sjukepengane som er heimla i folketrygdlova § 8-49 fjerde ledd, vart grunngeve på same måte som ferietillegget til dagpengane. Som følgje av at ferietillegget til dagpengane vert avvikla, bør difor det særlege ferietillegget til sjukepengane også avviklast. Departementet foreslår difor å oppheve folketrygdlova § 8-49 fjerde ledd tredje punktum. Departementet foreslår ikkje endringar i dei ordinære reglane for feriepengar av sjukepengar etter folketrygdlova § 8-33.

Departementet viser til lovforslaget.

2.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2015, men slik at dei som har tent opp rett til ferietillegg i 2014, får dette utbetalt som om reglane fortsett gjeld. Departementet kan gi nærmare reglar om dette i forskrift.

Endringa vil ikkje ha økonomiske konsekvensar i 2015, men vil føre til ein reduksjon av dagpengeutbetalingane for 2016 på om lag 1 milliard kroner. Avviklinga av ferietillegget inneber også ei administrativ forenkling.

3 Omlegging til standardisert barnetillegg til mottakarar av uføretrygd – folketrygdlova §§ 12-14, 12-15 og 12-16

3.1 Innleiing

Det behovsprøvde barnetillegg til uførepensjon er ført vidare i ny uføretrygd, som vert innført 1. januar 2015. Ordninga med behovsprøvd barnetil-

legg gjev i mange tilfelle dårleg motivasjon for å vere i eller kome tilbake til arbeid. Ho er dessutan svært komplisert å administrere. Departementet meiner at barnetillegget til uføretrygda bør vere på nivå med barnetillegget til arbeidsavklaringspengane. Departementet foreslår at det behovsprøvde barnetillegget frå 1. januar 2016 vert erstatta med eit standardisert barnetillegg på nivå med det tillegget mottakarar av arbeidsavklaringspengar får. Mottakarar av uføretrygd som har ansvar for forsørging av barn under 18 år, vil etter forslaget få eit årleg tillegg per barn på 7 020 kroner. Barnetillegget skal avkortast etter trygdetid, graderast etter uføregraden og reduserast på grunn av arbeidsinntekt over inntektsgrensa. Departementet foreslår òg ei overgangsordning for eksisterande mottakarar av behovsprøvd barnetillegg.

3.2 Gjeldande reglar

3.2.1 Behovsprøvd barnetillegg til uføretrygd

Det behovsprøvde barnetillegget til uførepensjon er ført vidare i ny uføretrygd. Etter lov om endringar i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre) av 16. desember 2011 nr. 59 (heretter kalla endringslova) § 12-15 har mottakarar av uføretrygd som forsørgjer barn under 18 år rett til barnetillegg. Det vert gjeve barnetillegg for fosterbarn dersom mottakaren har forsørgt barnet i dei siste to åra før kravet om barnetillegg vart sett fram. Barnetillegget utgjør 40 prosent av grunnbeløpet per år, det vil seie 35 347 kroner frå 1. mai 2014. Det vert gjeve barnetillegg for kvart barn vedkommande forsørgjer. Dersom uføretrygda er redusert på grunn av manglande trygdetid (mindre enn 40 år), skal tillegget avkortast tilsvarande. Vert barnet forsørgt av fleire i fellesskap som mottak uføretrygd eller alderspensjon, ytast tillegget til den mottakaren som har rett til høgast tillegg.

Dersom uføretrygda er gradert, skal ikkje barnetillegget graderast tilsvarande, men tillegget skal derimot prøvast mot forsørgjaren si inntekt etter føresegnene i endringslova § 12-16. Pensjonsytingar og overgangsstonad frå folketrygda, pensjonsytingar frå offentleg eller privat pensjonsordning, ytingar frå individuell pensjonsforsikring, livrente, gåvopensjon mm. og arbeidsinntekt vert rekna med. Om barnet bor ilag med begge foreldra, skal inntektene til begge foreldra reknast med. Barnetillegget skal reduserast med 50 prosent av inntekta over eit fribeløp (ein pengesum). Fribelet utgjør 4,6 gongar grunnbeløpet for eitt barn som bor saman med begge foreldra og 3,1

gongar grunnbeløpet for barn som bor saman med ein av foreldra. Fribelet skal aukast med 40 prosent av grunnbeløpet for kvart barn. Fribelet skal avkortast på grunn av manglande trygdetid.

3.2.2 Standardisert barnetillegg til mottakarar av arbeidsavklaringspengar

Etter folketrygdlova § 11-16 fjerde leddet får mottakarar av arbeidsavklaringspengar som forsørgjer barn under 18 år eit barnetillegg. Dersom begge foreldra mottak arbeidsavklaringspengar, kan begge få barnetillegg. Barnetillegg for fosterbarn vert gjeve dersom mottakar har forsørgt barnet i dei siste to åra før kravet om barnetillegg vert sett fram. Eit barn som har eiga inntekt større enn grunnbeløpet eller som har barnepensjon etter folketrygdlova kapittel 18, vert ikkje vurdert som forsørgt av mottakaren av arbeidsavklaringspengar. Etter forskrift om arbeidsavklaringspengar § 7 vert barnetillegg gjeve med 27 kroner per dag for kvart barn fem dagar i veka, det vil seie 7 020 kroner per år (27 kr x 260). Arbeidsavklaringspengane medrekna barnetillegget skal reduserast dersom arbeidsevna er redusert. Det vert tatt utgangspunkt i høvet mellom ei arbeidstid på 37,5 timar per veke og dei timane personen har vore eller kunne ha vore i inntektsgivande arbeid, jf. folketrygdlova § 11-18. Arbeidsavklaringspengar medrekna barnetillegg kan ikkje utgjere meir enn 90 prosent av inntektsgrunnlaget for arbeidsavklaringspengane.

3.3 Vurderingar og forslag

Det gjeldande behovsprøvde barnetillegget til uførepensjon og uføretrygd er målretta mot familiar med låg inntekt og forsørgingsansvar. Det er likevel fleire problem med ordninga. Det høge barnetillegget motiverer i mange høve ikkje til å vere i eller kome tilbake i arbeid. Særleg mottakarar av uføretrygd som tidlegare har hatt låg inntekt og som har fleire barn, vil kunne få ei svært høg samla yting samanlikna med tidlegare inntekt. I ein del tilfelle vil samla kompensasjonsgrad verte høgare enn den tidlegare inntekta, det vil seie meir enn 100 prosent av tidlegare inntekt.

Uføretrygda personar med forsørgingsansvar er ofte yngre. Med det høge behovsprøvde barnetillegget kan det vere vanskeleg å motivere denne gruppa til å forsøke seg i arbeid igjen eller til å auke arbeidsinnsatsen. Migrasjonsutvalet (NOU 2011: 7) tilrådde å setje ned barnetillegget til uførepensjonistar. Utvalet grunna dette med at det

var viktig å motivere til yrkesaktivitet, særleg for innvandrarfamiliar med mange barn og låg inntekt. Å innføre eit standard barnetillegg vil difor kunne bidra til at fleire kan kome i arbeid, noko som på sikt vil vere ein stor fordel for desse barna.

Reglane for behovsprøving er i tillegg svært komplisert å administrere, og dei er vanskelege å setje seg inn for den einskilde mottakaren. Inntekta til begge foreldre skal inngå i behovsprøvinga. Det er vidare reglar for ulike familiesituasjonar, mellom anna med ulike fribeløp avhengig av om barnet bur saman med begge eller ein forelder. Desse utfordringane vert ytterlegare forsterka i den nye uføretrygda som skal justerast fortløpande i høve til endring i arbeidsinntekta. Det er vidare komplisert for brukarane å ha oversikt over dei samla konsekvensane når ein har behovsprøvde ordningar knytt til trygdeytningar samstundes med andre ordningar målretta mot grupper med låg inntekt, til dømes ordninga med støtte til bustad.

Barnetillegget til uføretrygd og til arbeidsavklaringspengar bør vere likt for å unngå at einskilde ønskjer å komme raskt over på uføretrygd. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å erstatte det behovsprøvde barnetillegget med eit standardisert barnetillegg på nivå med barnetillegget som mottakarar av arbeidsavklaringspengar får. Forslaget inneber at nye mottakarar av uføretrygd etter 2016 som har forsørgingsansvar for barn under 18 år, får barnetillegg med 7 020 kroner per år per barn. Til samanlikning utgjer dagens behovsprøvde barnetillegg før ev. avkorting og reduksjon 35 348 kroner per barn per år (G per 1. mai 2014).

Tabell 3.1 viser samla inntekt før og etter skatt for ein einsleg stønadmottakar med tidlegare arbeidsinntekt på 3,5 G. Med forsørgingsansvar

for tre barn vil denne personen i 2015 ha ei samla inntekt etter skatt som er høgare enn inntekta som yrkesaktiv, mens kompensasjonsgraden etter skatt vil vere på 82 prosent for ein person med tre barn i 2019. Dersom personen i tillegg har krav på pensjon og barnetillegg frå offentleg tenestepensjon, vil samla kompensasjonsgrad etter skatt vere 125 prosent i 2015 og 96 prosent i 2019.

Forslaget til overgangsordning med gradvis nedtrapping av verdien av barnetillegget gjer at forskjellen i netto inntekt vert mindre i åra 2016, 2017 og 2018 enn det tabellen viser.

Med tidlegare inntekt på 5 G, sjå tabell 3.2, vil ein einsleg person med tre barn ha ei samla netto inntekt i 2015 på 303 722 kroner. Personen får i dette tilfellet tre fulle barnetillegg. Dette gjev ein kompensasjonsgrad etter skatt på 91 prosent. I 2019 med full innfasing av nytt regelverk vil kompensasjonsgraden etter skatt vere på 75 prosent. Med offentleg tenestepensjon vil kompensasjonsgraden etter skatt i dette tilfellet vere 113 prosent i 2015 og 90 prosent i 2019.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har anslått at det ved utgangen av 2015 vil vere 19 140 uføretrygda som mottok behovsprøvd barnetillegg og om lag 26 280 uføretrygda med barn som ikkje vil ha barnetillegg. Om lag 1 100 av dei som mottok behovsprøvd barnetillegg i dag har barnetillegg på nivå med det nye standardiserte tillegget eller lågare per barn. Dette inneber at i overkant av 18 000 uføretrygda vil få eit lågare barnetillegg med den nye ordninga.

Det er vidare lagt til grunn at dei uføretrygda vil få behovsprøvd barnetillegg for om lag 34 800 barn ved utgangen av 2015. For om lag 1 920 av desse barna vil barnetillegget vere på nivå med det nye standardiserte tillegget eller lågare. Dette

Tabell 3.1 Kompensasjonsgradar før og etter skatt for einsleg stønadmottakar med barn i 2015 og 2019. Tidlegare inntekt på 5 G.

| Ant. barn | Brutto tidl. arb.innt | Netto tidl. arb.innt | Brutto uføetrygd | Barne-tillegg 2015 (behovsprøvd) | Barne-tillegg forslag i Prop. 1 S (standardisert) | Netto uføetrygd og barne-tillegg 2015 | Netto uføetrygd og barnetillegg nytt system | Komp. grad etter skatt 2015 | Komp. grad etter skatt 2019 | Forskjell i innt. etter skatt |
|-----------|-----------------------|----------------------|------------------|----------------------------------|---|---------------------------------------|---|-----------------------------|-----------------------------|-------------------------------|
| 1 | 305 648 | 247 133 | 216 573 | 34 931 | 7 020 | 212 048 | 193 962 | 86 | 78 | 18 086 |
| 2 | 305 648 | 247 133 | 216 573 | 69 862 | 14 040 | 234 684 | 198 511 | 95 | 80 | 36 173 |
| 3 | 305 648 | 247 133 | 216 573 | 104 794 | 21 060 | 257 319 | 203 060 | 104 | 82 | 54 259 |
| 4 | 305 648 | 247 133 | 216 573 | 139 725 | 28 080 | 279 954 | 207 609 | 113 | 84 | 72 346 |

Skatt i faste 2014-kroner. Gjennomsnittleg G for 2014.

Tabell 3.2 Kompensasjonsgradar før og etter skatt for einsleg stønadsmottakar med barn i 2015 og 2019. Tidlegare inntekt på 5 G.

| Ant. barn | Brutto tidl. arb.innt | Netto tidl. arb.innt | Brutto uføre-trygd | Barne-tillegg dagens ordning (behovsprøvd) | Barne-tillegg forslag i Prop. 1 S (standardisert) | Netto uføre-trygd og barne-tillegg 2015 | Netto uføre-trygd og barnetillegg nytt system | Komp. grad etter skatt 2015 | Komp. grad etter skatt 2019 | Forskjell i innt. etter skatt |
|-----------|-----------------------|----------------------|--------------------|--|---|---|---|-----------------------------|-----------------------------|-------------------------------|
| 1 | 436 640 | 332 016 | 288 182 | 26 198 | 7 020 | 252 792 | 240 365 | 76 | 72 | 12 428 |
| 2 | 436 640 | 332 016 | 288 182 | 69 862 | 14 040 | 281 087 | 244 914 | 85 | 74 | 36 173 |
| 3 | 436 640 | 332 016 | 288 182 | 104 794 | 21 060 | 303 722 | 249 463 | 91 | 75 | 54 259 |
| 4 | 436 640 | 332 016 | 288 182 | 139 725 | 28 080 | 326 357 | 254 012 | 98 | 77 | 72 346 |

Skatt i faste 2014-kroner

betyr at for om lag 32 900 barn vil barnetillegget verte lågare frå 2016.

Sjølv om eit viktig formål med forslaget er å bidra til at fleire kan kome i arbeid, noko som vil vere ein stor fordel for desse barna, vil ein del av dei som i dag mottek behovsprøvd barnetillegg, ikkje klare å kompensere bortfallet av barnetillegg med auka arbeidsinntekt, i alle fall ikkje på kort sikt. Departementet foreslår difor ei overgangsordning for eksisterande mottakarar av behovsprøvd barnetillegg. Overgangsordninga inneber at det nominelle beløpet for barnetillegget vert trappa ned til $\frac{3}{4}$ i 2016, $\frac{1}{2}$ i 2017 og $\frac{1}{4}$ i 2018. Frå 2019 vil dei ha rett til det nye, standardiserte barnetillegget. Ettersom det behovsprøvd barnetillegget er målretta mot familiar med låg inntekt og forsørgingsansvar, vil ein del av disse familiare og kunne få rett til økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Arbeidsavklaringspengane ytast per dag (dagsats) og skal betalast ut etterskottvis kvar fjortande dag på grunnlag av opplysningar om arbeidstid i meldekortet. Barnetillegget til arbeidsavklaringspengar vert difor gjeve med ein dagsats. Uføretrygda vert utbetalt per månad og vert gjeve med like stor sum kvar kalendermånad. Eit standardisert barnetillegg til uføretrygda bør difor, på same måten som det behovsprøvd barnetillegget, også vere likt kvar kalendermånad. Det standardiserte barnetillegget til uføretrygda vil utgjere 585 kroner for kvart barn.

Arbeidsavklaringspengar medrekna barnetillegget skal reduserast i høve til den arbeidsevna som er sett ned. Det vert fastsett ein uføregrad når ein får innvilga uføretrygd. Departementet foreslår at barnetillegget vert gradert etter same uføregrad som ligg til grunn for uføretrygda. Vidare foreslår

departementet at barnetillegget skal reduserast mot inntekta på same måte som uføretrygda etter endringslova § 12-14. Etter desse føresegnene skal uføretrygda reduserast når inntekta overstig inntektsgrensa. Inntektsgrensa svarer til den venta framtidige inntekta som vart lagt til grunn ved fastsetting av uføregraden, tillagt 40 prosent av grunnbeløpet per kalenderår. Personar som mottek ein omrekna uførepensjon får i staden tillagt 60 000 kroner per kalenderår fram til og med år 2018. Etter endringslova § 12-14 andre leddet skal reduksjonen i uføretrygda svare til overstigande inntekt multiplisert med ein brøk der vedkommandes uføretrygd ved 100 prosent uføregrad er teljar og inntekta før uførleika er nemnar. Dersom uføretrygda utgjør 66 prosent av inntekta før uførleiken, skal uføretrygda verte redusert med 66 prosent av den overstigande inntekta. Departementet foreslår at uføretrygda tillagt det standardiserte barnetillegget skal reduserast på denne måten.

Uføretrygda skal ikkje betalast ut når pensjonsgjevande inntekt er høgare enn 80 prosent av inntekta før ein vart ufør, jf. endringslova § 12-14 tredje leddet. Departementet foreslår at barnetillegget heller ikkje skal betalast ut i desse tilfella.

Uføretrygda skal avkortast høvesvis når trygdetida er mindre enn 40 år. Departementet meiner det er naturleg at det standardiserte barnetillegget også vert avkorta ved manglande trygdetid.

Føresegnene om uføretrygd og dei behovsprøvd barnetillegga går fram av endringslova. Frå 1. januar 2015 vil desse føresegnene verte tatt inn i folketrygdlova. Dei aktuelle lovendingane frå 1. januar 2016 vil dermed gjelde folketrygdlova, slik ho vert endra ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringar i folketrygdlova (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre).

Departementet viser til lovforslaget, folketrygdlova § 12-14 andre leddet og § 12-15 og oppheving av folketrygdlova § 12-16.

3.4 Iverksetjing. Overgangsreglar og økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft frå 1. januar 2016 og får verknad for mottakarar av uføretrygd som har omsorg for eller får omsorg for barn under 18 år etter 31. januar 2015 som dei ikkje allereie mottek barnetillegg for. Det nye standardiserte tillegget skal vidare gjevast til eksisterande mottakarar av uføretrygd med barn og som ikkje har rett til behovsprøvd barnetillegg per 31. desember 2015. Det nye tillegget skal også gjevast til mottakarar av uføretrygd som allereie mottek behovsprøvd barnetillegg om dei får nye barn.

Departementet foreslår ei overgangsordning for eksisterande uførepensjonistar med barnetillegg. Overgangsordninga inneber at innvilga barnetillegg per 31. desember 2015 skal frysast og at det skjer ei gradvis avvikling av tillegget gjennom ein treårsperiode. Det nominelle beløpet for barnetillegget vert trappa ned til $\frac{3}{4}$ i 2016, $\frac{1}{2}$ i 2017 og $\frac{1}{4}$ i 2018. Frå 2019 vil dei ha rett til det nye, standardiserte barnetillegget.

Forslaget er rekna å gi ei netto innsparing på 45 mill. kroner i 2016, 322 mill. kroner i 2017, 527 mill. kroner i 2018 og ei innsparing på 586 mill. kroner i 2019.

Forslaget inneber ei stor forenkling av saksbehandlinga og vil dermed gi reduserte administrative kostnader for Arbeids- og velferdsetaten.

4 Reduksjon av perioden med rett til overgangsstønad frå tre til eitt år – folketrygdlova § 15-6

4.1 Innleiing

Departementet foreslår at perioden med rett til overgangsstønad som hovudregel vert sett til eitt år eller fram til barnet får rett til barnehageplass etter barnehagelova § 12 a.

4.2 Gjeldande reglar

Etter folketrygdlova § 15-6 andre leddet anna punktum kan einsleg mor eller far som hovudregel få overgangsstønad i inntil tre år, fram til barnet fyller åtte år.

4.3 Vurderingar og forslag

Overgangsstønaden skal sikre inntekta i ein periode medan den einslege forelderen omstiller seg til å forsørge seg sjølv og barn(et) med arbeidsinntekt. Over fleire år har det vore ei auking i talet på personar som er aleine om omsorga for barn, utan at talet på dei som mottek overgangsstønader har auka. Dei fleste klarer å forsørge seg sjølve gjennom å arbeide, og mange er einslege i berre ein kortare periode. Eitt år kan vere en meir rimelig omstillingstid enn tre år. Både arbeidslivet og samfunnet elles er godt tilpassa eit familieliv der inga av foreldra er heime, sjølv når barna er små. Fleirtalet av småbarnsforeldra går i dag attende til jobben så snart det yngste barnet får barnehageplass. Det er difor ikkje opplagt at vi treng ei fleirårig stønadsordning for dei foreldra som er aleine med omsorga for barna.

Overgangsstønaden kan på kort sikt bidra til å hindre barnefattigdom. Men sidan stønaden er tidsavgrensa, er han ikkje godt egna som eit middel mot vedvarande låg inntekt i barnefamiljar, dersom han ikkje makter å bidra til at den einslege forsørgjaren nyttar stønadsperioden til å betre inntektsevna si. Difor er det viktig å styrka arbeidsinsentiva i stønadsordninga, så den einslege forsørgjaren raskare innstiller seg på eit yrkesaktivt liv. Yrkesaktivitet er ein svært viktig faktor for å hindre barnefattigdom. I høyringsnotat frå Arbeids- og sosialdepartementet 10. oktober 2014, vert det foreslått ytterlegare endringar i regelverket for einslege mødrer eller fedrar, med sikte på forenkling og å leggje betre til rette for at den einslege skal kunne kvalifisere seg til å kunne forsørge seg og barnet gjennom eiga arbeid. Mellom anna vert det foreslått at alle som tek naudsynt og føremålstenleg utdanning, skal få rett til overgangsstønad i inntil tre år i tillegg til det eine året som følgjer av den endra hovudregelen på eitt år. Etter planen skal desse forslaga tre i kraft 1. januar 2016. Dei som avsluttar ein eittårsperiode med overgangsstønad, vil frå då av kunne ta utdanning og få overgangsstønad i ein lengre periode. Omsynet til einslege med barn som er særleg tilsynskrevjande, vil også fortsett verte ivarettatt.

Departementet viser til lovforslaget.

4.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa vert sett i kraft 1. januar 2015, for nye tilfelle av overgangsstønad. Departementet vil gi forskrift med nær-

mare presiseringar om kven som skal reknast som nye tilfelle. Endringa vil ikkje ha økonomiske konsekvensar i 2015, men det er venta ei innsparing i utbetalingane av stønader til einsleg mor eller far i 2016 på om lag 255 millionar kroner.

Endringa vil venteleg ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar.

5 Endring i folketrygdlova § 22-8 første leddet

5.1 Innleiing

Departementet foreslår at folketrygdlova § 22-8 første leddet vert supplert, slik at ein kan gjere frådrag for meirutbetalingar av tillegg etter folketrygdlova § 19-9 og § 19-14 femte ledd, når ein ektemake som det er gjeve forsørgingstillegg for, får etterbetalt ei eiga yting for den same perioden.

5.2 Gjeldande reglar

Folketrygdlova § 22-8 første leddet gjev reglar for tilfelle der ein person som det er gjeve forsørgingstillegg for, får rett til eigen pensjon, overgangsstønad eller arbeidsavklaringspengar. Der som ytinga vert etterbetalt for tidsrom da forsørgjaren fekk forsørgingstillegg eller auka særtillegg pga. forsørginga, vert det gjort frådrag i etterbetalinga svarande til forsørgingstillegget mm. Dette hindrar at same stønadsbehovet vert dekt to gonger. Slik føresegna lyder i dag, omfattar heimelen for frådrag ikkje tilsvarende meirutbetalingar av pensjonstillegg etter folketrygdlova § 19-9 eller tillegg etter folketrygdlova § 19-14 femte leddet.

Pensjonstillegg etter folketrygdlova § 19-9 vert gjevne dersom minste pensjonsnivå etter folketrygdlova § 19-8 er høgare enn den grunnpensjonen og tilleggspensjonen som pensjonisten har rett til, dvs. saker der pensjonisten ville hatt rett til (heilt eller delvis) særtillegg etter pensjonsreglane før 2011. Minste pensjonsnivå vert mellom anna fastsett under omsyn til om pensjonisten forsørgjer ektemake, og dette verkar også inn på pensjonstillegget etter § 19-9. Når den forsørgde ektemaken får rett til eigen pensjon, vert pensjonstillegget til den tidlegare forsørgjaren sett ned.

Etter folketrygdlova § 19-14 femte leddet har ein pensjonist rett til eit tillegg dersom utbetalt pensjon etter regulering vert lågare enn det minste pensjonsnivået pensjonisten har rett til etter lova § 19-8. Dette gjeld ved mottak av full

alderspensjon. Også dette tillegget vert påverka av at pensjonisten får forsørgingstillegg for ektemake, og tilsvarende som for tillegget etter § 19-9, vert tillegget etter § 19-14 femte leddet sett ned når den forsørgde ektemaken får rett til eigen pensjon.

5.3 Vurderingar og forslag

Departementet finn det klart at ein bør gjere frådrag for meirutbetalingar av pensjonstillegg etter folketrygdlova § 19-9 og tillegg etter § 19-14 femte leddet når ein tidlegare forsørgja ektemake får etterbetalt eiga yting for ein periode da den andre ektemaken har fått ytingar fastsett under omsyn til forsørginga. Ein foreslår difor at folketrygdlova § 22-8 første leddet vert supplert, slik at det skal gjerast frådrag i etterbetalinga til den forsørgde dersom forsørgjaren på grunn av forsørginga har fått utbetalt eit høgare pensjonstillegg etter § 19-9 eller eit høgare tillegg etter § 19-14 femte leddet enn han eller ho elles ville ha rett til. Frådraget skal svare til differansen, og kan berre gjerast for meirutbetalingar i tidsrommet som etterbetalinga gjeld.

Departementet viser til lovforslaget.

5.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2015. Endringa vil føre til visse innsparingar for folketrygda og i nokon mon administrativt meirarbeid.

6 Oppheving av sanksjonsregelen ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte

6.1 Innleiing og gjeldande rett

Etter folketrygdlova § 25-5 a kan ein sjukmeldar som ikkje deltar i dialogmøte, jf. arbeidsmiljølova § 4-6 fjerde leddet og folketrygdlova § 8-7 a andre og tredje leddet, verte ilagd gebyr. Arbeids- og sosialdepartementet foreslo i Prop. 102 L (2013–2014) endringar i arbeidsmiljølova og folketrygdlova for å forenkle oppfølginga av sjukmelde frå 1. juli 2014. Formålet med forslaga var å gjere arbeidet med sjukefråvær enklare for verksemdar og å målrette innsatsen mot dei sjukmelde som har eit særleg behov for tett oppfølging, slik at oppfølgingsarbeidet vert relevant og meningsfylt. I lovforslaget vart det mellom anna foreslått at regelen

i folketrygdlova § 25-5 a om sanksjonar ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte i sin heilskap skulle opphevast.

6.2 Vurderingar og forslag

Det går fram av Innst. 266 L (2013–2014) at ein sams komité støtta departementet sine forslag til å oppheve sanksjonsregimet i regi av Arbeids- og velferdsetaten. Departementet sitt forslag om å oppheve folketrygdlova § 25-5 a vart likevel ikkje tatt med i Arbeids- og sosialkomiteen si tilråding i Innst. 266 L (2013–2014). Departementet legg til grunn at dette skuldast ein inkurie, og gjentek difor forslaget om å oppheve folketrygdlova § 25-5 a.

Departementet viser lovforslaget, oppheving av folketrygdlova § 25-5 a.

6.3 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks. Endringa vil ikkje ha store økonomiske eller administrative konsekvensar. Sjukmeldarar vert fritekne for administrasjon ved at dei ikkje lenger vil verte bedne om å dokumentere eventuelt fråvær frå dialogmøte. Arbeids- og velferdsetaten vil ha eit økonomisk tap tilsvarande dei gebyra som ikkje lenger vil verte kravde inn, samtidig som dei administrative kostnadene for etaten vert reduserte.

7 Endringar i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

7.1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår endringar i lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg av 29. april 2005 nr. 21 med sikte på å avvike forsørgingstillegga til mottakarar av supplerande stønad. Endringane er innarbeidde i budsjettframlegget for 2015.

7.2 Gjeldande rett

Supplerande stønad har som formål å garantere ei minsteinntekt for personar som har fylt 67 år og som ikkje har tilstrekkeleg pensjon, fordi dei har budd i Noreg i mindre enn 40 år, eller andre økonomiske midlar. Ordninga er meint å erstatte behovet for varig økonomisk stønad til livsopphald for denne gruppa. For å ha krav på supple-

rande stønad må ein være busett i Noreg. Stønden vert gjeve etter streng behovsprøving.

Full supplerande stønad svarar i dag til minste pensjonsnivå med høg sats for einslege stønadsmottakarar, som frå 1. mai 2014 utgjer 173 274 kroner per år. Stønadsmottakarar som forsørgjer ektemake/sambuar under 67 år får eit forsørgingstillegg som svarar til 25 prosent av minste pensjonsnivå med høg sats, som frå 1. mai 2014 utgjer 43 318 kroner per år.

For barn under 18 år vert det ytt eit forsørgingstillegg på 20 prosent av minste pensjonsnivå med høg sats per barn, som frå 1. mai 2014 utgjer 34 654 kroner per år.

7.3 Vurderingar og forslag

Utgangspunktet for stønadsnivået i ordninga med supplerande stønad er minstenivået for pensjonane i folketrygda. Supplerande stønad er meint som ei minimumsløysing. Og i høyringsnotatet ved etableringa av ordninga vart det foreslått at stønadsnivået skulle leggjast på eit lågare nivå enn minstenivået i folketrygda fordi det her dreier seg om ei yting som vert gjeve utan krav til opptening i Noreg av noko slag. I Ot.prp. nr. 14 (2004–2005) vart likevel konklusjonen at stønadsnivået skulle tilsvare nivået på «minstepensjon».

Departementet har ikkje funne grunn til å ta opp det generelle stønadsnivået for supplerande stønad til ny vurdering. Ein har likevel kome til at ein bør ta bort forsørgingstillegga i ordninga. Dette vil bidra til at supplerande stønad klarare står fram som ei minimumsløysing. Avviklinga gjer ordninga meir individbasert og gjev ektemaken insentiv til å kome seg inn på arbeidsmarknaden. Når det gjeld tillegg for ektemake/sambuar under 67 år, er dette tillegg for personar i yrkesaktiv alder som i utgangspunktet kan forsørgje seg sjølv, og eventuelle barn, ved eige arbeid, sjølv om det for personar med høg alder og kort butid i Noreg vil kunne vere utfordrande å kome inn på arbeidsmarknaden.

Lovendringa vil ikkje gjelde mange personar, ettersom berre 7,8 prosent av mottakarane av supplerande stønad fekk forsørgingstillegg, langt dei fleste av disse (6,6 prosent) berre tillegg for ektemake.

Departementet foreslår etter dette at § 5 i lov om supplerande stønad vert endra slik at det frå 1. januar 2015 berre vert to nivå for stønaden: Minste pensjonsnivå med høg sats for einslege stønadsmottakarar og for stønadstakarar med ektemake som ikkje har fylt 67 år, og minste pensjonsnivå med ordinær sats for kvar av ektemakane når begge

har fylt 67 år. Andre, tredje og fjerde leddet i § 5 må utgå, ettersom desse ledda berre gjeld vilkåra for forsørgingstillegg eller tilpassingar til reglane om forsørgingstillegg i ulike situasjonar.

I tillegg foreslår departementet justeringar i lova § 9 og § 13 fjerde leddet, som begge no viser til reglane om forsørgingstillegg, og i § 21 andre leddet, der det vert presisert at plikta til å møte personleg på det lokale kontoret i Arbeids- og velferdsetaten også famnar om ektemaken til personen som får supplerande stønad. Det personlege frammøtet tek sikte på kontroll med at den framførte ikkje har hatt opphald i utlandet utover grensa i lova. Etter forslaget til endringar i lova § 5 spelar det inga rolle for storleiken på stønaden om den som får supplerande stønad har ein ektemake under 67 år. Det er da heller ikkje grunn til å kontrollere opphald i utlandet for ein slik ektemake.

Forslaget om å ta bort forsørgingstillegga for ektemake/sambuar og barn og lovendringar som følgjer av dette, gjer det også naudsynt med tilpassingar i lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringar i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover om tilpassingar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenstepensjon. Endringane i lova om supplerande stønad går fram av endringslova del XVI. Ein viser til merknadene til dei einskilde paragrafane.

Departementet viser til lovforslaget.

7.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at forsørgingstillegga vert avvikla frå 1. januar 2015 og lovendringa knytte til dette må difor tre i kraft frå denne datoen. Tilpassingane i lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringar i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpassingar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenstepensjon) bør likevel tre i kraft straks, slik at dei er på plass når denne endringslova trer i kraft 1. januar 2015.

Departementet foreslår at avviklinga av forsørgingstillegga til supplerande stønad berre skal gjelde saker der stønadsperioden, eller ein ny stønadsperiode, tek til tidlegast frå 1. januar 2015 (supplerande stønad vert gjeven for 12 månader om gongen). Avviklinga av forsørgingstillegga får difor full effekt først i 2016. Ein reknar med at endringane vil føre til ei innsparing i utgiftene til supplerande stønad på i alt 7,6 mill. kroner i 2015, og 15 mill. kroner i 2016 (heilårseffekten).

Endringane gjer at om lag 250 mottakarar av supplerande stønad vil få reduserte ytingar. For mottakarar av full stønad utgjer reduksjonen 16,7 prosent ved forsørging av eitt barn og 20 prosent ved forsørging av ektemake (utan forsørging av barn).

Endringa vil venteleg i nokon grad redusere arbeidet med ordninga for supplerande stønad, men ikkje i ein slik grad at det kan påverke budsjettet.

8 Endringar i forskotteringslova

8.1 Innleiing

Departementet foreslår justeringar i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott (forskotteringsloven) § 4 første leddet bokstav b og § 9 fjerde leddet for å reflektere endringar i andre lover.

8.2 Gjeldande rett

Etter forskotteringslova § 4 første leddet bokstav b fell retten til forskott bort dersom barnet får rett til «ytelser til livsopphold etter folketrygdloven kapittel 10, 11, 12, 13, 15 eller 17». Med andre ord vert forskottet ikkje gjeve til barn som har rett til ytingar som uførepensjon og liknande. Årsaka til at folketrygdlova kapittel 10 er med i opprekninga, er at dette kapitlet mellom anna hadde reglar om rehabiliteringspengar, som no er erstatta av arbeidsavklaringspengar etter folketrygdlova kapittel 11. Ytingane etter kapittel 10 omfattar no ikkje ytingar av denne arten, slik at det ikkje lenger er grunn til å ha med dette kapitlet i opprekninga i forskotteringslova § 4 første leddet bokstav b.

Etter forskotteringslova § 9 fjerde leddet kan ein i forskotteringssaker mellom anna innhente opplysningar etter reglane i folketrygdlova § 21-4 første leddet og barnelova § 10 andre leddet. Heimelen i barnelova § 10 andre leddet er no flytta til same lova § 70 sjuande leddet, slik at det er grunn til ei tilsvarande oppdatering av forskotteringslova § 9 fjerde leddet.

8.3 Vurderingar og forslag

Departementet foreslår at dei aktuelle paragrafane i forskotteringslova vert oppdaterte. Dette fører med seg at folketrygdlova kapittel 10 går ut av opprekninga i forskotteringslova § 4 første leddet bokstav b. Ein foreslår også at uttrykket «ytelser til livsopphold» i denne føresegna vert endra til «ytelser som har til formål å sikre inntekt», som

er i tråd med formålet med dei aktuelle ytingane slik dette er formulert i folketrygdlova i dag. Når det gjeld forskotteringslova § 9 fjerde leddet, foreslår departementet at tilvisinga til heimelen for innhenting av opplysningar i barnelova vert endra til å gjelde barnelova § 70 sjuande leddet, som no er det korrekte.

Departementet viser til lovforslaget.

8.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringane trer i kraft 1. januar 2015. Dei vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

9 Unntak frå forvaltningsmessig teieplikt i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 16

9.1 Innleiing

Departementet foreslår ny heimel i lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltninga § 16 fyrste leddet til å gi statlege tilsette ved kontaktsenter-tenesta i Arbeids- og velferdsetaten tilgang til opplysningar i kommunale sakshandsamingssystem.

9.2 Gjeldande rett

Brukarane sin kontakt med arbeids- og velferdsforvaltninga vert i dag hovudsakleg handtert av kontaktsentera i Arbeids- og velferdsetaten (bortsett frå Oslo og Bergen kommunar som nyttar egne sentralbordløysingar). For brukarar av statlege tenester har kontaktsentra elektronisk tilgang til opplysningar om den einskilde brukaren si sak. Tilgangen gjev kontaktsentera høve til å gi statlege brukarar konkret og individuell informasjon og rettleiing.

Ettersom kommunane i arbeids- og velferdsforvaltninga er å rekna som eit anna organ enn Arbeids- og velferdsetaten, har dei statlege tilsette ved kontaktsentra ikkje tilgang til opplysningar frå kommunale sakshandsamingssystem. Dette følger av reglane i forvaltningslova om teieplikt for offentleg tilsette. Kontaktsentra fungerer i dag difor hovudsakleg som eit sentralbord for dei kommunale brukarane.

9.3 Vurderingar og forslag

For å gi brukarar av kommunale tenester like god informasjon og rettleiing som brukarar av statlege

tenester, foreslår departementet at det vert gjort eit unntak frå forvaltningsmessig teieplikt i arbeids- og velferdsforvaltningslova som opnar for at statlege tilsette ved kontaktsentra får elektronisk tilgang til eit utdrag av opplysningar frå klientsaker i den kommunale sosialtenesta.

Unntaket er avgrensa til einskilde sentrale opplysningar som i dag går fram av applikasjonen «NAV Personkortet». Applikasjonen innhentar og synar opplysningar frå ulike statlege og kommunale sakshandsamingssystem. Den utvida tilgangen vil berre omfatte tilsette ved Arbeids- og velferdsetaten si kontaktsenter-teneste som skal svare på førespurnader frå kommunale brukarar.

Lovforslaget legg til rette for betre service overfor kommunale brukarar av arbeids- og velferdsforvaltninga. Det vil forenkla og effektivisere arbeids- og velferdsforvaltninga sin kontakt med kommunale brukarar og vil kunne redusere den totale ressursbruken i forvaltninga.

Omsynet til personvernet til brukarane er teke hand om ved at det berre er einskilde sentrale opplysningar som vil verte gjort tilgjengelege, og at tilgangen til opplysningane er avgrensa til statlege tilsette ved Arbeids- og velferdsetaten si kontaktsenterteneste. Det vil berre vere tilsette som skal svare på førespurnader frå kommunale brukarar, som vil få tilgang til opplysningane.

Lovforslaget byggjer på erfaringar frå eit forsøk etter forsøkslova som var etablert ved NAV Kontaktsenter Hedmark som omfatta Nord-Odal og Hamar kommunar i 2009–2011. Evalueringa av forsøket viste at færre spørsmål vart vidareformidla til NAV-kontora, slik at kontora fekk frigjort tid til oppfølgingsarbeid. Kvaliteten på rettleiinga auka som følgje av at kontaktsenteret kunne gi meir spesifikk informasjon om saka til den einskilde brukaren. Statistisk informasjon frå forsøket når det gjeld ressursbruk og handtering av spørsmål gjev sikrere overslag over kostnader og resultat.

9.4 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår at endringane trer i kraft 1. januar 2015.

Forslaget vil medføre ein estimert meirkostnad på 12 mill. kroner i 2015 og følgjande år. Kostnaden knyter seg til at gjennomsnittleg tidsbruk per førespurnad til kontaktsentertenesta i Arbeids- og velferdsetaten vil auke og at kø-effektiviteten vil verte noko redusert. Det vert lagt til grunn at forslaget vil medføre ein innsparringseffekt for kommunane

som minst tilsvarende satsinga. Dette som følgje av ein reduksjon i talet på telefonsamtalar til den kommunale delen av arbeids- og velferdsforvaltninga, estimert til om lag 310 000 samtalar. Finansieringa av tiltaket er nærmare skildra i Prop. 1 S (2014–2015) og Prop. 95 S (2013–2014).

10 Retting av heimelstilvisningar i konkurslova og dekningslova

Lov 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv. (lønnsgarantilova) § 1 vart endra med verknad frå 1. januar 2014. Mellom anna vart det gjort nokre redaksjonelle endringar for å gjere samanhengen mellom lønnsgarantilova og lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningslova) § 9-3 tydelegare.

Både lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkurslova) § 67 og dekningslova § 9-3 første leddet nr. 1 viser til ulike føresegnar i lønnsgarantilova § 1. Desse tilvisingane vart ikkje oppdatert samstundes med dei nemnde redaksjonelle endringane i lønnsgarantilova.

Konkurslova § 67 fjerde leddet bør difor endrast slik at den viser til lønnsgarantilova § 1 fjerde leddet nr. 1 og nr. 2 første punktum, og dekningslova § 9-3 første leddet nr. 1 andre leddet tredje punktum bør endrast slik at den viser til lønnsgarantilova § 1 fjerde leddet nr. 1 og nr. 2. Korkje endringa i konkurslova eller endringane i dekningslova inneber nokon materiell endring.

11 Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget

11.1 Merknader til endringane i folketrygdlova

Til § 4-12

Folketrygdlova § 4-12 gjeld storleiken på dagpengane. I tredje leddet vert det presisert at dagpengane maksimalt kan utgjere 90 prosent av grunnlaget, ikkje medrekna ferietillegget. Når ordninga med ferietillegget vert oppheva, er det heller ikkje naudsynt å presisere at ferietillegget ikkje vert rekna med her.

Til § 4-14

Gjeldande § 4-14 gjeld rett til ferietillegg, og vert oppheva som følgje av at ordninga med ferietillegg til dagpengane vert avvikla.

Til § 8-49 fjerde leddet

Regelen i § 8-49 fjerde leddet tredje punktum, gjeld rett til ferietillegg til dei som mottok sjukepengar på grunnlag av dagpengane, jf. § 8-49 første leddet. Når ordninga med ferietillegg til dagpengane vert oppheva, vert også denne ordninga oppheva.

Til § 15-6

Gjeldande hovudregel om at ein kan få overgangsstønning i inntil tre år, vert endra. Endringa inneber at ein som hovudregel berre kan få overgangsstønning i eitt år fram til barnet fyller åtte år, eventuelt i ein periode fram til barnet får rett til barnehageplass etter barnehageloven § 12 a. Dette inneber ikkje endringar i reglane om høve til utvida stønningperiode.

Til § 22-8 første leddet

Endringa inneber at det skal gjerast frådrag i etterbetalinga til den forsørgde dersom forsørgjaren på grunn av forsørginga har fått utbetalt eit høgare pensjonstillegg etter § 19-9, eller eit høgare tillegg etter § 19-14 femte leddet, enn han eller ho elles ville ha rett til.

Til § 25-5 a

Departementet foreslår å oppheve reglane om sanksjonar ved sjukmeldars brott på plikt til å delta i dialogmøte.

11.2 Merknader til endringane i folketrygdlova, som vert endra ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringar i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre)

Til § 12-14

Paragrafen gjev reglar for reduksjon av uføretrygd mot arbeidsinntekt.

I andre leddet går det fram at uføretrygda skal reduserast når inntekta overstig inntektsgrensa fastsett etter første leddet. Reduksjonen skal svare til den overstigande inntekta multiplisert med ein brøk der uføretrygda ved 100 prosent uføregrad er teljar og inntekta før uføleiken er nemnar (kompensasjonsgraden). Det er tatt inn i føresegna at barnetillegget i slike tilfelle også skal reduserast. Barnetillegget skal likevel ikkje reknast med når kompensasjonsgraden vert fastsett etter § 12-14 andre leddet andre punktum.

Etter tredje leddet skal uføretrygda ikkje beta-
last ut når pensjonsgjevande inntekt er høgare
enn 80 prosent av inntekta før ein vart ufør. Etter
forslaget skal barnetillegget heller ikkje betalast
ut i desse tilfella.

Til § 12-15

Føresegna er heilt omarbeida for å gi nye reglar om
eit standardisert barnetillegg til uføretrygda. Det
kan gis barnetillegg til mottakar av uføretrygd som
har forsørgingsansvar for barn under 18 år. Etter
andre leddet skal barnetillegget graderast med
same uføregrad som uføretrygda og reduserast på
grunn av arbeidsinntekt etter føresegnene i § 12-14
andre leddet. Barnetillegget skal avkortast tilsva-
rande dersom trygdetida er kortare enn 40 år.

Til opphevinga av § 12-16

Noverande føresegner gjev reglar om sjølve
behovsprøvinga av barnetillegget. Nytt standardi-
sert barnetillegg skal ikkje behovsprøvast, og
departementet foreslår difor at paragrafen vert
oppeha.

11.3 Merknader til endringane i lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasningar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjons- ordning for offentlig tjenestepensjon) del XVI

Til § 5 andre og tredje leddet

Etter endringslova 20. juni 2014 nr. 24 del XVI vert
§ 5 noverande andre og tredje leddet endra frå 1.
januar 2014. Desse ledda gjeld berre spørsmålet
om fastsetjing av forsørgingstillegg til ektemake
og barn og vil ikkje lenger vere aktuelle etter
avviklinga av desse tilleggga. Ein foreslår difor at
endringane i § 5 andre og tredje leddet vert opp-
heva, slik at avviklinga av forsørgingstillegga kan
skje berre ved endringar direkte i lova om supple-
rande stønad, sjå merknaden til § 5 i endringslova
avsnitt VI.

Til § 6 første leddet

Etter endringslova 20. juni 2014 nr. 24 del XVI vert
noverande § 6 omformulert. I første leddet er det ei
tilvising til § 5 første leddet bokstav c. Etter lovend-
ringa som følgjer av avviklinga av forsørgingstil-

legga for ektemake og barn, vert bokstav c ny bok-
stav b, sjå merknaden til § 5 i endringslova avsnitt
VI. Tilvisinga i § 6 første leddet i endringslova vert
endra tilsvarende som ein konsekvens av dette.

11.4 Merknader til endringane i lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

Til § 5

Endringa inneber at forsørgingstillegg til ekte-
make/sambuar og/eller barn fell bort. Etter end-
ringa er det berre to stønadsnivå i ordninga, min-
ste pensjonsnivå med høg sats for einslege stø-
nadstakarar og for stønadstakarar med ektemake
som ikkje har fylt 67 år (bokstav a), og minste
pensjonsnivå med ordinær sats for kvar av ekte-
makane når begge har fylt 67 år. Nivået for perso-
nar med ektemake under 67 år vert det same
som for einslege og går fram av § 5 bokstav a.
Noverande bokstav c om nivået for ektemakar/
sambuarar som begge har fylt 67 år, vert ny bok-
stav b.

Noverande § 5 andre, tredje og fjerde leddet er
ikkje tekne med i forslaget til endra § 5 og fell der-
med bort.

Ein viser også til merknadene til endringane i
lov 20. juni 2014 nr. 24 del XVI.

Til § 9

Endringa inneber at ei tilvising til § 5 vert oppda-
tert som følgje av endringane i denne paragrafen.

Til § 13 fjerde leddet

Endringa inneber at tilvisinga til forsørgingstil-
legg i noverande § 5 vert tatt bort, som følgje av at
forsørgingstillegg til ektemake/sambuar og/eller
barn no vert avvikla.

Til § 21 andre leddet

Endringa er ein konsekvens av lovendringa i § 5.
Noverande § 21 har reglar om personleg fram-
møte for å kontrollere at den det ytast stønad til
eller forsørgingstillegg for, ikkje har hatt opphald i
utlandet utover grensa i lova. Etter forslaget til
endringar i lova § 5 spelar det inga rolle for stor-
leiken på stønaden om den som får supplerande
stønad har ein ektemake under 67 år. Det er da
heller ikkje grunn til å kontrollere opphald i utlan-
det for ein slik ektemake.

11.5 Merknader til endringane i lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott

Til § 4 første leddet bokstav b

Paragrafen inneheld reglar om opphøyr av retten til bidragsforskott. I noverande § 4 første leddet bokstav b fell retten til bidragsforskott bort om ein einsleg forsørgjar tek i mot ytingar «til livsopphold», mellom anna ytingar etter kapittel 10. Folketrygdlova kapittel 10 hadde tidlegare reglar om rehabiliteringspengar, som no er erstatta av arbeidsavklaringspengar etter folketrygdlova kapittel 11. Ytingane etter kapittel 10 omfattar ikkje lenger ytingar av denne arten. Om ein einsleg forsørgjar mottek yting etter noverande folketrygdlova kapittel 10, skal retten til bidragsforskott ikkje falle bort. Kapittel 10 vert difor fjerna i opprekninga i forskotteringslova § 4 første leddet bokstav b.

Det er også behov for ei oppdatering av formålet med ytingane som gjer at retten til bidragsforskott fell bort. Uttrykket «ytelser til livsopphold» i denne føresegna vert endra til «ytelser som har til formål å sikre inntekt», som er i tråd med formålet med dei aktuelle ytingane slik dette er formulert i folketrygdlova i dag.

Til § 9 fjerde leddet

Paragrafen inneheld reglar om bidragsfuten sin rett til å hente inn opplysningar frå arbeidsgjevar m. fl. etter reglane i barnelova. Barnelova sin regel om dette var tidlegare i barnelova § 10 andre leddet, men er flytt til same lova § 70 sjuande leddet. Forskotteringslova § 9 fjerde leddet vert endra for å vise til regelen om innhenting av opplysningar der den er å finne no.

11.6 Merknader til endringa i arbeids- og velferdsforvaltningslova § 16

Overskrifta i § 16 vert endra for å reflektere at føresegna får eit større verkeområde. Nytt andre

punktum inneber at einskilde sentrale opplysningar om individuelle kommunale stønadsaker kan gjerast tilgjengelege for tilsette ved Arbeids- og velferdsetaten si kontaktsentereneste. Føresegna gjeld berre eit utval sentrale opplysningar om den einskilde brukar og opnar ikkje for full tilgang til dei kommunale sakshandsamarsystema. Døme på opplysningar som gjerast tilgjengelege, er vedtak om stønad, opplysningar om utbetaling, vilkår for utbetaling samt ei oversikt over mottekne dokument i saka.

11.7 Merknader til endringa i konkurslova § 67

Tilvisninga til lønnsgarantilova § 1 vert endra frå tredje leddet andre og tredje punktum til fjerde leddet nr. 1 og nr. 2 første punktum. Dette inneber ikkje nokon endring av det materielle innhaldet i føresegna.

11.8 Merknader til endringane i dekningslova § 9-3

Tilvisninga i dekningslova § 9-3 første leddet nr. 1 andre leddet tredje punktum vert endra frå lønnsgarantilova § 1 tredje leddet andre punktum til lønnsgarantilova § 1 fjerde leddet nr. 1, og frå lønnsgarantilova § 1 tredje leddet tredje og femte punktum til lønnsgarantilova § 1 fjerde leddet nr. 2. Det materielle innhaldet i føresegna endrast ikkje.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i folketrygdlova og einskilde andre lover (samleproposisjon).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i folketrygdlova og einskilde andre lover i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i folketrygdlova og einskilde andre lover

I

I lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs skal § 67 fjerde leddet lyde:

Det skal ikke stilles sikkerhet etter første ledd når konkurs begjæres åpnet av skyldneren eller en arbeidstaker med fortrinnsberettiget fordring etter dekningsloven § 9-3 eller et dekningsberettiget krav etter lønnsgarantiloven § 1 *fjerde ledd nr. 1 og nr. 2 første punktum*.

II

I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett skal § 9-3 første leddet nr. 1 andre leddet tredje punktum lyde:

Når staten har dekket krav på vederlag som nevnt i bokstav c og d etter den statlige lønnsgarantiordningen, jf. lønnsgarantiloven § 1 *fjerde ledd nr. 1*, eller krav som nevnt i lønnsgarantiloven § 1 *fjerde ledd nr. 2*, har statens regresskrav mot boet fortrinnsrett.

III

I lov 17. februar 1989 nr. 2 om bidragsforskott skal disse endringane gjerast:

§ 4 første leddet bokstav b skal lyde:

b) barnet får rett til *ytelser etter folketrygdloven kapittel 11, 12, 13, 15 eller 17 som har til formål å sikre inntekt*.

§ 9 fjerde leddet andre punktum skal lyde:

Bidragsfogden kan innhente nødvendige opplysninger fra arbeidsgiver mv. i samsvar med bestemmelsene i barneloven § 70 *sjuende ledd* og folketrygdloven § 21-4 første ledd.

IV

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd skal disse endringane gjerast:

§ 4-12 tredje leddet skal lyde:

Dagpenger inklusive *barnetillegg kan ikke* utgjøre mer enn 90 prosent av medlemmets dagpengegrunnlag.

§ 4-14 vert oppheva.

§ 8-49 fjerde leddet tredje punktum vert oppheva.

§ 15-6 andre leddet skal lyde:

Overgangsstonad kan gis til enslig mor eller far som har barn under åtte år. Stønadsperioden er *ett år til sammen, eller frem til barnet har rett til barnehageplass etter barnehageloven § 12 a*. I tillegg kan det gis overgangsstonad i opptil to måneder før fødselen.

§ 22-8 første leddet nytt fjerde punktum skal lyde:

Tilsvarende gjøres det fradrag for differansen dersom forsørgeren på grunn av forsørgelsen har fått utbetalt et høyere pensjonstillegg etter § 19-9 eller et høyere tillegg etter § 19-14 femte ledd enn vedkommende ellers ville hatt rett til.

§ 25-5 a vert oppheva.

V

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd, som endrast ved lov 16. desember 2011 nr. 59 om endringer i folketrygdloven (ny uføretrygd og alderspensjon til uføre), skal disse endringane gjerast:

Endringa av § 12-14 andre leddet skal lyde:

Dersom mottakeren av uføretrygd har inntekt som overstiger inntektsgrensen, skal uføretrygden *medregnet barnetillegg* reduseres. Reduksjonen skal svare til den overskytende inntekten multiplisert med en brøk der vedkom-

mendes uføretrygd *ikke medregnet barnetillegg* ved 100 prosent uføregrad er teller og inntekten før uførheten (se § 12-9 første til andre ledd) er nevner. Som inntekt regnes pensjonsgivende inntekt eller inntekt av samme art fra utlandet.

§ 12-14 tredje leddet skal lyde:

Det utbetales ikke uføretrygd *eller barnetillegg* når den pensjonsgivende inntekten utgjør mer enn 80 prosent av inntekt før uførhet.

Endringa av § 12-15 skal lyde:

§ 12-15 *Barnetillegg*

En person som mottar uføretrygd og som forsørger barn (se § 1-6), har rett til barnetillegg. Når et barn blir forsørget av flere som mottar uføretrygd eller alderspensjon, kan begge få barnetillegg. Barnetillegg for fosterbarn (se barnevernloven § 4-22) ytes dersom mottakeren har forsørget barnet i de siste to årene før krav om tillegg blir satt fram. Arbeids- og velferdsetaten kan fravike kravet om at fosterbarnet skal ha blitt forsørget i de to siste årene før krav om barnetillegg settes fram, når fosterhjemsordningen har en varig karakter. Et barn anses ikke som forsørget dersom det har inntekt, herunder kapitalinntekt, som er større enn grunnbeløpet, eller har rett til barnepensjon etter kapittel 18.

Barnetillegget skal fastsettes med samme uføregrad som uføretrygden og reduseres på grunn av inntekt etter bestemmelsene i § 12-14. Dersom trykdetiden som legges til grunn for uføretrygden er kortere enn 40 år, avkortes barnetillegget tilsvarende. Barnetillegg til flyktning som er medlem i folketrygden, avkortes ikke på grunn av manglende trykdetid.

Departementet kan gi forskrift om barnetilleggets størrelse.

Endringa av § 12-16 vert oppheva.

VI

I lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg skal desse endringane gjerast:

§ 5 skal lyde:

§ 5 Full supplerande stønad

Full supplerande stønad skal svare til

- a) minste pensjonsnivå med høg sats for einslege stønadstakarar og for stønadstakarar med ekte-make som ikkje har fylt 67 år
- b) minste pensjonsnivå med ordinær sats for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år.

§ 9 skal lyde:

§ 9 Låge stønadsbeløp

Supplerande stønad vert ikkje gitt dersom ytinga ville utgjere eit mindre beløp enn to prosent av full supplerande stønad etter § 5 bokstav a.

§ 13 fjerde leddet skal lyde:

Når supplerande stønad er utbetalt i utlandet i strid med reglane i § 4, skal for mykje utbetalt stønad avreknast månad for månad i ein ny stønadsperiode utan omsyn til om vilkåra for tilbakekrevjing etter første leddet er oppfylte.

§ 21 andre leddet skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om tiltak med sikte på å kontrollere at vilkåra i § 4 er oppfylte eller om ein stønadstakar har hatt opphald i utlandet i strid med reglane. Forskrifta kan bestemme at ein stønadstakar skal møte personleg på det felles lokale kontoret inntil to gonger i året og vise pass eller anna reisedokument.

VII

I lov 16. juni 2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen skal desse endringane gjerast:

§ 16 overskrifta skal lyde:

§ 16 *Behandling av personopplysningar ved det felles lokale kontoret og informasjonsdeling med Arbeids- og velferdsetatens kontaktsentertjeneste*

§ 16 første leddet nytt anna punktum skal lyde:

Taushetsplikten er heller ikke til hinder for at sentrale opplysningar om individuelle kommunale stønadssaker er tilgjengelige for ansatte ved Arbeids- og velferdsetatens kontaktsentertjeneste.

VIII

I lov 20. juni 2014 nr. 24 om endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (tilpasningar til ny uføretrygd i folketrygden og ny uførepensjonsordning for offentlig tjenestepensjon) del XVI skal desse endringane gjerast:

Endringa av § 5 andre og tredje leddet vert oppheva.

Endringa av § 6 første leddet skal lyde:

Full supplerande stønad skal setjast ned med inntekt hos stønadstakaren sjølv så vel som hos

ektemaken. Dersom begge ektemakane har fylt 67 år, skal inntekt hos den eine ektemaken berre inngå ved prøvinga av ytingane til den andre ektemaken med den delen som overstig full supplerande stønad etter § 5 bokstav *b*.

IX

Ikraftsetjing. Overgangsreglar.

1. Endringane i del I og II trer i kraft straks.
2. Endringane i del III, VI og VII trer i kraft 1. januar 2015.
3. Endringane i del IV trer i kraft 1. januar 2015, med unnatak av endringa av folketrygdlova § 25-5 a, som trer i kraft straks. Opphevinga av folketrygdlova § 4-14 og § 8-49 fjerde leddet tredje punktum får ikkje verknad for ferietillegg som er tent opp før ikraftsetjingstidspunktet. Endringane i folketrygdlova § 15-6 andre

leddet gjeld berre for nye stønadstilfelle. Departementet kan i forskrift gi nærmare reglar om kven endringane gjeld for.

4. Endringane i del V trer i kraft 1. januar 2016, og gjeld for mottakarar av uføretrygd som får omsorg for barn under 18 år etter 31. januar 2015 eller som har omsorg for barn under 18 år som dei ikkje mottek barnetillegg for per 31. januar 2015. Det skal innførast ei overgangsordning for mottakarar av behovsprøva barnetillegg per 31. desember 2015 der det nominelle beløpet for barnetillegget vert trappa ned til $\frac{3}{4}$ i 2016, $\frac{1}{2}$ i 2017 og $\frac{1}{4}$ 2018. Frå 1. januar 2019 gjeld dei nye reglane for barnetillegg. Departementet kan gi forskrifter om slike overgangsreglar.
5. Endringane i del VIII trer i kraft straks. Endringane gjeld for stønadsperiodar som tar til i 2015 eller seinare.

